



Lærdal  
kommune

## Førebyggjande plan for barn og unge frå 0-20 år *«Tett på born og unge i Lærdal»*



Plan for å førebyggje omsorgssvikt og åtferdsvanskar

Grøne  
Lærdal

## Innhald

1.0 Bakgrunn .....	4
Medverknadsprosess frå barn, ungdom og føresette .....	5
Lokale utfordringar .....	5
2.0 Mål.....	6
FN`s bærekraftmål.....	7
3.0 Grunnleggjande føresetnadar for helsefremmande og førebyggjande arbeid med barn, unge og familiar i Lærdal kommune .....	7
3.1 Felles syn på born, læring og utvikling .....	7
3.2 Medverknad .....	7
3.3 Inkluderande fellesskap og mangfald .....	8
3.4 Foreldrerolla og barnets tilknytning til omsorgspersonane.....	8
3.4.1 Tryggleikssirkelen som hjelpemiddel i å fremme tilknytning.....	9
3.5 Kompetente medarbeidarar – eit lag rundt barn og deira familie .....	9
4.0 Systematisk samarbeid rundt sårbare barn og unge .....	10
4.1 BTS – Betre tverrsektorielt samarbeid .....	10
4.2 BTI modellen – betre tverrfagleg innsats .....	11
4.3 Opplæringsprogrammet «Tidleg inn» .....	11
4.4 Oversikt over tverretatlege samhandlingsarenaer i Lærdal kommune .....	12
5.0 Laget rundt barn, unge og familiar.....	14
5.1 Tidleg innsats.....	14
5.1.1 Risiko- og beskyttelsesfaktorar .....	15
5.2 Kven er laget rundt born, unge og familiar i Lærdal? .....	17
Barnehagar .....	17
Skule og SFO .....	17
Kommunale helsetenester .....	18
Aurland og Lærdal barnevernsteneste.....	19
PPT.....	19
SLT koordinator .....	20
Prosjektleiar/koordinator for «Tett på barn og unge i Lærdal» og BTI .....	20
NAV.....	20
Vaksenopplæringa/Introduksjonsprogrammet .....	20
Psykisk helse og rustenester .....	20
Barnekoordinator .....	20

Kultur og fritidstilbod .....	21
Eksterne samarbeidspartnarar/tenester .....	21
6.0 Tett på barn og unge i Lærdal og Betre tverrfagleg innsats i Lærdal kommune .....	23
6.1 Tiltak .....	23
6.2 Nettsida «Tett på barn og unge i Lærdal».....	23
6.3 Styrking av allereie eksisterande tenester og tilbod .....	24
6.3.1 Styrking av grunnbemanning i helsestasjons- og skulehelsetenesta.....	24
6.3.2 System for foreldrerettleiing.....	27
6.3.3 Koordinator for førebygging og tidleg innsats etter at prosjektmidlane i høve prosjekt «Tett på barn og unge» og BTI går ut .....	30
6.4 Behov for nye tenester og tiltak i kommunen .....	31
6.4.1 Etablere psykisk helseteneste for barn og unge .....	31
6.4.2 Etablere eit formelt samarbeid kring fritidserklæringa .....	31
7.0 Oppfølging og evaluering .....	34
8.0 Oversikt over lovverk og planar .....	35
8.1 Lovverk og andre overordna føringar .....	35
8.2 Lokale planar .....	36
9.0 Litteraturliste.....	37
Vedlegg I – TILTAKSPLAN.....	41
Skadelege omsorgsformar (neglekt, svikt).....	41
Alvorlege krenkelsar .....	43
Emosjonell u-tilgjengelegheit/fjernheit hjå føresette .....	45
Rusmiddelbruk føresette.....	47
Alvorlege formar for psykiske lidningar hjå føresette.....	49
Utviklingsvanskar som ikkje vert forstått eller hjelpt .....	51
Skadeleg psykososialt miljø i barnehage og skule .....	53
Levekårsutfordringar .....	54

## 1.0 Bakgrunn

Barnevernreforma tok til å gjelda 01.01.2022. Reforma omtalast også som ein oppvekstreform då måla med reforma krev innsats frå heile oppvekstsektoren og tilhøyrande hjelpetenester i kring gravide, barn, unge og familiar. Ny barnevernlov § 15-1 seier:

*«Kommunen skal fremme gode oppvekstvilkår gjennom tiltak for å forebygge at barn og unge utsettes for omsorgssvikt eller utvikler atferdsproblemer. Kommunen skal sørge for å samordne sitt tjenestetilbud til barn og familier.»*

Førebygginga skal starte allereie i mors liv og vare livet ut, og er alle dei kommunale tenestene sitt ansvar. Det betyr at helsestasjons- og skulehelsetenesta, barnehagane, skulane, PP-tenesta og reisten av den kommunale støtteapparatet må danne eit lag rundt barnet, ha gode rutinar for samhandling og samarbeid, vere rusta til å fange opp sårbare barn og setje inn tiltak tidleg. I tillegg må kommunen ruste kommunen si verktøykasse når det gjeld førebyggjande tiltak på alle nivå retta mot brukargruppa.

*Kommunens ansvar for å samordne sitt tjenestetilbud til barn og familier innebærer at den enkelte kommune må vurdere hvordan det forebyggende arbeidet skal organiseres og hvilken rolle de ulike velferdstjenestene eventuelt skal ha i arbeidet. Kommunen skal blant annet vurdere hvordan de ulike tjenestene skal bidra til å forebygge utfordringer og på et tidlig tidspunkt identifisere barn og unge som har behov for hjelp. (Prop. 133 L (2020-2021) s. 459).*

Førebyggjande plan skal vere førande for arbeidet med oppvekstreforma og vise korleis kommunen skal jobbe for å førebyggje omsorgssvikt og åtferdsvanskar. Planen skal også synleggjere kommunens mål og strategiar om korleis tenestetilbodet retta mot gravide, barn, unge og familiar er samordna for å sikre systematisk førebyggjande arbeidet og tidelg innsats. Kven som har ansvar for kva og korleis ansvar og oppgåveløysinga skal delast mellom einingane og etatane skal også stå i denne planen (Prop. 133 L, s. 459). I medhald til barnevernslova § 15-1 skal kommunestyret sjølv vedta ein plan for dette arbeidet (Barnevernlova, 2021, § 15-1).

Føremålet er vidare å bidra til at barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår i kommunen. Kommunens plikt til å samordne tenestetilbodet og til tverrfagleg samarbeid på individ- og systemnivå er i tillegg tydeleggjort gjennom endringar i 14 velferdstenestelovar og nytt lovkrav om barnekoordinator. Endringane er samanfatta i rettleiaren «Samarbeid om barn, unge og deira familiar» som også verkar styrande for denne planen (Helsedirektoratet 2022).

Mål i Lærdal kommune sin kommuneplan, samfunnsdelen, skal også vere gjeldande for førebyggjande plan for barn og unge:

- «Lærdal kommune skal vera ein god plass å veksa opp i.»
- «Utjamne sosiale helseskilnader.»

(Lærdal kommune).

Utarbeiding av førebyggjande plan har føregått parallelt med utarbeiding av ny kommunedelplan for oppvekst og kommunedelplan for helse, omsorg og folkehelse. Førebyggjande plan for barn og unge er soleis også forankra i desse planane. I tillegg er «Handlingsplan mot vald i nære relasjonar» utarbeidd parallelt med denne planen, mange førebyggjande tiltak retta mot gravide, barn, unge og familiar er også beskrivne der. Soleis verkar dei kommunale planane utfyllande for kvarandre og det er danna ein raud tråd.

### Medverknadsprosess frå barn, ungdom og føresette

Det har vore gjennomført medverknadsprosess i høve planarbeidet gjennom ungdomsrådet, råd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne, arbeidsverkstad og spørjeskjema i frå 6-10. klasse og spørjeskjema til foreldre og føresette i barnehage og skule. Spørsmåla har handla spesifikt om barnehage og skulekvardagen, om oppvekst som heilheit i Lærdal kommune og om kjennskap til og bruk av dei ulike kommunale hjelpetenestene. Dei attendemeldingane som er felles både frå føresette og elevar er behov for meir uformelle møteplassar/aktivitetar i kommunen, meir trivselstiltak som benkar og moglegheit for fleire aktivitetar i skulegarden. Mange føresette var også opptatt av haldningsskapande arbeid for å sikre samhald og eit godt oppvekstmiljø. Attendemeldingar som utmerka seg frå dei føresette i skulen var om temaa: Klasseleiing, handheving av ordensreglement og mobbeproblematikk. Om dei kommunale hjelpetenestene så var hovudattendemeldinga at dei føresette saknar ei oversikt over alle tenester og tiltak i kommunen som er lett tilgjengeleg og at ein vert møtt med forståing, kompetanse og vert teken på alvor.

### Lokale utfordringar

Lærdal kommune har dei siste åra hatt fleire utfordringar når det gjeld barn, unge og oppvekstvilkår i kommunen. Utfordringsbilete basera seg på statestikk i frå kommunens oppvekst- og folkehelseprofil (folkehelseinstituttet 2023), kommunehelsa statistikkbank (Folkehelseinstituttet 2023) ungdatabeundersøkinga som er gjennomført i 2017 og 2021 (Velferdsforskningsinstituttet NOVA), Hjertstrøm, Myhrer og Møller (2023) sin rapport om helsetilstand og faktorar som påverkar, attendemeldingar frå kommunale instansar, BTI undersøking, workshops med barn- og unge og medverknadsprosess med attendemelding frå barn og føresette.

Heilt tilbake til før 2013 har Lærdal kommune ligge over Vestland fylke og landet elles når det gjeld barn med tiltak i barneverntenesta. Dette med unntak av 2016 og 2017. Desse tala kjem også fram i den seinaste oppvekstprofilen for Lærdal kommune (Folkehelseinstituttet 2023). Vidare viser tal frå ungdatabeundersøkinga (Velferdsforskningsinstituttet NOVA, 2021) at fleire ungdommar er misfornøgde med lokalmiljøet og at færre er med på organiserte fritidsaktivitetar enn i resten av landet og at det er ei negativ endring sidan ungdatabeundersøkinga i 2017. Når det gjeld mobbing synte ungdatabeundersøkinga ein positiv trend og nedgang i mobbetala frå 2017, men tala indikerer framleis at ti prosent av elevane vert mobba minst kvar 14. dag noko som inneberer plaging, trugslar, eller utfrysing på skulen eller fritida. Tre prosent av alle elevar på barneskulen opplever utestenging eller plaging kvar 14. dag eller oftare, mens elleve prosent opplever det minst ei gong i månaden (Hjertstrøm, Myhrer og Møller 2023, s. 29). Elevundersøkinga som vart gjennomført våren 2023 viser mobbeproblematikk i alle klassar, noko som er alvorleg (Utdanningsdirektoratet 2023).

Når det gjeld kommunen sitt tenestetilbod så har det lenge vore ei utfordring at kommunale einingar som jobbar med gravide, barn, unge og familiar i for liten grad samordnar tenestene sine, samhandlar og samarbeida til det beste for brukargruppa. Fafo rapporten «*Trøbbel i grenseflatene*» (2020) syner også at dette er ei utfordring nasjonalt. I tillegg er det ei lokal utfordring at førebyggjande tiltak på universelt og selektivt manglar og/eller ikkje er sett i system. Lærdal kommune har heilt i frå 2021 hatt eit målretta utviklingsarbeid for å betre desse utfordringane i kommunen og for å byggje opp ei «verktøykasse» lokalt som skal styrkje dei lokale einingane til å jobbe førebyggjande og med tidleg innsats. Det målretta arbeidet skjer gjennom prosjekta «Tett på barn og unge» og Betre tverrfagleg innsats (BTI).

I høve prosjektet BTI vart det våren 2023 gjennomført ei kartlegging blant einingane helse, oppvekst, NAV, psykisk helse og rus, barneverntenesta og PPT. Kartlegginga tok føre seg dei tilsette sin:

- kunnskap om risikofaktorar og faktorar som vernar
- Kompetanse om å identifisera barn og unge som ein er uroa/bekymra for
  - o Snakke med barn, unge og deira føresette
  - o Ulike forhold som påverkar oppvekstvilkåra til barn og unge
- Handlingskompetanse, korleis gå frå bekymring til handling
  - o Involvere barn, unge og deira føresette
  - o Barrierar for handling
- Kunnskap og rutinar for samhandling og samarbeid

Det var ein svarprosent på nær 80 %, noko som er svært bra. Dei punkta som utpeikar seg særleg frå kartlegginga er gjennomsnittleg låg kunnskap i alle einingar om vald i nære relasjonar, seksuelle overgrep, rusbruk hjå føresette og barn/unge som nyttar rusmiddel. Desse temaa går att når dei tilsette svarar på spørsmål om kva dei har bekymra seg for det siste året, då er det svært få som har bekymra seg for om nokon vert utsett for vald, overgrep eller om dei føresette nyttar rusmidlar (KORUS 2023). Ut i frå det me veit, om blant anna vald i nære relasjonar på nasjonalt nivå så veit med at dette er svært utbreitt og at valden kan ha mange ansikt. På mange måtar er det definert som eit folkehelseproblem (Justis- og beredskapsdepartementet 2021 s. 14). Det er difor ingen grunn til å tru at utfordringsbilete er annleis i Lærdal. Lærdal kommune ser det derfor som naudsynt å fokusere på ei felles kompetanseheving kring desse tema i tillegg til kompetanseheving om samtalemotodikk med barn og unge i tida framover.

## 2.0 Mål

- Kommunen skal fremje gode oppvekstvilkår gjennom tiltak for å førebyggje at barn og unge utsettast for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsproblem. Kommunen skal sørge for å samordne sitt tenestetilbod til barn og familiar.
- Alle barn og unge i Lærdal skal ha gode oppvekstvilkår
- Alle barn og unge i Lærdal kommune som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, skal få naudsynt hjelp, omsorg og vern til rett tid.
- Alle barn og unge i Lærdal skal bli møtt med trygghet, kjærleik og forståing.
- Lærdal kommune skal jobbe systematisk med kunnskapsbaserte førebyggjande tiltak på universelt, selektivt og indikativt nivå.

- Lærdal kommune skal dimensjonere det lokale tenestetilbodet slik at dei ulike tenestene har tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å tilby naudsynt hjelp og oppfølging til riktig tid. Samt ha nok kapasitet til å drive foreldrestøttande arbeid/foreldrerettleiingsprogram systematisk.
- Alle barn og unge skal ha eit samordna tenestetilbod med koordinert oppfølging utan brot i tenestene.
- Alle tilsette som arbeidar med gravide, barn, unge og familiar i Lærdal kommune skal ha kunnskap om risikofaktorar og faktorar som vernar
- Alle tilsette i Lærdal kommune skal ha handlingskompetanse og vere trygge på korleis dei går i frå bekymring til handling

### FN's bærekraftsmål



## 3.0 Grunnleggjande føresetnader for helsefremmande og førebyggjande arbeid med barn, unge og familiar i Lærdal kommune

### 3.1 Felles syn på born, læring og utvikling

Born utviklar seg i samspel med omgjevnadene sine og lærar seg nye ting gjennom opplevingar og erfaringar. Born har ressursar og rettigheter og bidreg aktivt i eigne liv og i samfunnet. Alle born treng å bli sett, høyrte og verdsett for å utvikle god sjølvkjensle og sjølvtilitt. Foreldre og andre omsorgspersonar er nøkkelpersonar og dei viktigaste for at born skal få dekt behova sine, utvikle seg og oppleve å høyre til. Born er avhengig av gode relasjonar og omsorgsfulle vaksne som respondera på signala deira og gjev hjelp med å takle utfordringar (Meld. St. 6 (2019-2020) s. 22). Nesten like viktige er tilsette i kommunale instansar som utgjer laget rundt barnet, deira viktigaste oppgåver er å gje born moglegheiter for å oppleve meistring, og å gje dei tru på eigne evnar. Ikkje minst er barnehage- og skulemiljøet viktig for å fremme læring, trivsel, utvikling og helse (Meld. St. 6 (2019-2020) s. 24).

### 3.2 Medverknad

Borns rett til å medverke er nedfelt i Grunnlova § 104 og i barne Barnekonvensjonen artikkel 12 som seier at:

*«Partene skal garantere et barn som er i stand til å gjøre danne seg egne synspunkter, retten til fritt å gi uttrykk for disse synspunkter i alle forhold som vedrører barnet, og tillegge barnets synspunkter behørig vekt i samsvar med dets alder og modenhet.»*

Barn er hovudpersonen i eget liv og kan gje dei kommunale tenestene og apparatet rundt verdifull informasjon. Det er difor naudsynt å leggje til rette for medverknad i saker som omhandlar dei. Barn skal oppleve at dei er viktige og at dei vert tekne på alvor. Det er naudsynt for å kunne gje best mogleg hjelp og støtte (NOU 2017:12 s. 106).

### 3.3 Inkluderande fellesskap og mangfald

Å vere inkludert handlar om at alle born skal oppleve at dei har ein naturleg plass i fellesskapet. Dei skal føle seg trygge og erfare at dei har mykje å seie både i heimen, barnehagen, skulen og i lokalsamfunnet. Alle born er forskjellige og har ulik bakgrunn, interesser, erfaringar og føresetnadar, og alle born utviklar seg i ulikt tempo. Det skal vere rom for at born kan vere seg sjølve og for at alle skal ha lik tilgang til fellesarenaer, læremidlar og andre verkemiddel i barnehagane og i det pedagogiske tilbodet. Mangfald er ein styrkje i miljøa og gjev born moglegheit til å utvikle toleranse og respekt for at me alle er forskjellige. Barnehage, skular og SFO er viktige arenaer for barn og unge (Meld. St. 6 (2019-2020) s.11). Det at kommunen legg til rette for og tek vare på mangfaldet gjev det beste utgangspunktet for å hindre utanforskap og fråfall frå utdanningsløpet. Noko som er viktig for den einskilde, men også for samfunnet i eit samfunnsøkonomisk perspektiv.

### 3.4 Foreldrerolla og barnets tilknytning til omsorgspersonane

Me veit at den absolutt viktigaste tida i barnets liv er dei tre fyrste leveåra. Då er hjernen mest formbar og utviklar seg i rekordfart. Dei lærer mykje på kort tid noko som legg grunnlaget for resten av livet. Er barnets grunnlag godt i desse åra, aukar sannsynet for god utvikling vidare.

Det aller viktigaste for born i denne perioden er kommunikasjonen, relasjonen og sampelet med omsorgspersonane rundt seg. Born er heilt avhengig av omsorgsfulle vaksne som respondera på deira signal og hjelper dei med å takle utfordringar i livet. Born treng å bli stimulert, få hjelp til å regulere følelsane sine og å oppleve nærheit, beskyttelse og trøyst. Foreldre eller andre med foreldrerolla er heilt essensielle i barnets liv, og spesielt i denne sårbare perioden (Meld. St. 6 (2019-2020) s. 22).

#### **Den tidlege tilknyttinga til barnets omsorgspersonar påverkar den vidare utviklinga på fleire områder gjennom barnets livet:**

- Sjølvbilde – kjensle av å ha ei verdi
- Opplive å høyre til
- Psykisk helse
- Sosial og emosjonell kompetanse
- Noverande og framtidige relasjonar
- Korleis ein presterar i skulen eller i arbeidslivet




Ansvar som ligg i foreldrerolla er tydeleg definert i barnelova kapittel 5, men foreldre/føresette har ulike føresetnader for å kunne følgje opp borna sine. Forsking syner at det betyr mykje kva slags familie eit barn veks opp i (Meld. St. 6 (2019-2020) s. 22).

Born som veks opp i familiar med risikofaktorar som til dømes økonomiske og psykiske vanskar eller rus kan få mindre støtte og stimulering heime enn andre. Tidleg innsats er heilt avgjerande for å hjelpe desse familiane (Meld. St. 6 (2019-2020) s. 22). Tilsette i Lærdal kommune skal ha fokus på tidleg innsats, framheve ressursane hjå foreldre/føresette og gje støtte og oppfølging ved behov. Målet er at foreldre/føresette i størst mogleg grad skal vere i stand til å meistre foreldrerolla og leggje til rette for born i Lærdal kommune får ein god oppvekst.

### 3.4.1 Tryggleikssirkelen som hjelpemiddel i å fremme tilknytning

Tryggleikssirkelen er eit godt hjelpemiddel for å fremje tilknytning. Tryggleikssirkelen byggjer på mange års forskning og synleggjer korleis barnets grunnleggjande behov heng i hop. Tilknytning rommar barnets behov for beskyttelse og omsorg, men også barnets behov for utforsking og lek. Tryggleikssirkelen fremjar tilknytning mellom barnet og omsorgspersonane, men også i mellom barnet og barnehage- og skulepersonell. Barnehage- og skulepersonell er dei viktigaste vaksenpersonane for barnet den tida dei er i barnehagen eller i skulen, difor er det naudsynt at tilsette også nyttar tryggleikssirkelen aktivt i sitt daglege arbeid. Samstundes er det føremålstenleg å gje kunnskap om tryggleikssirkelen til alle foreldre/føresette på eit tidleg stadium, på den måten kan ein rettleie i utviklingsstøttande omsorg og trygge foreldra i foreldrerolla tidlegast mogleg.



(bilete henta frå Norsk psykologforening).

### 3.5 Kompetente medarbeidarar – eit lag rundt barn og deira familie

Det er mange tilsette som jobbar med barn og unge i kommunen, på tvers av einingar og sektorar. Dei har òg ulik kompetanse, rolle, bakgrunn og mandat. Til saman utgjer dei laget rundt born og unge i kommunen. Ein av dei største føresetnadane for at ein på best mogleg


måte kan hjelpe barn og deira familiar er at kvar tilsett forstår sitt eget mandat og eiga rolle, men samstundes må dei også anerkjenne andre sitt oppdrag. Ei gjensidig rolleforståing er viktig i samarbeidet rundt born og deira familie. Born treng trygge vaksne som ser, forstår, lyttar til dei og handlar rett. Relasjonsbygging er heilt grunnleggjande i arbeidet med born og unge.

At dei tilsette har nok kunnskap om risikofaktorar og faktorar som vernar og har kompetanse til å handle føremålstenleg er heit naudsynt for å jobbe førebyggjande og sikre tidleg innsats. «*Barn treng stabile relasjonar til kompetente, støttande og omsorgsfulle tilsette som ser behova deira, og gir respons på signala deira.*» (Meld. St. 15. (2022-2023)). I det vidare arbeidet med kompetanseheving og felles forståing for dei ulike rollane og mandata til tenestene, og profesjonane i laget rundt barn og unge skal BTI undersøkinga og kartlegging i høve prosjektet «Tett på born og unge i Lærdal» leggjast til grunn.

## 4.0 Systematisk samarbeid rundt sårbare barn og unge

### 4.1 BTS – Betre tverrsektorielt samarbeid


Lærdal kommune har fått tilskot på 1. 000 000,- kr. i frå BUFDIR til å utvikle og implementere kommunale modeller for å sikre tidleg identifisering og oppfølging av utsette barn. Modellen skal vere på tre nivå og synleggjere korleis kommunen jobbar med oppvekst som heilheit.



Modellen skal digitaliserast og vere tilgjengeleg for alle tilsette og innbyggjarar i Lærdal kommune gjennom nettsida «tettpå.no» eller «tettpåbarnogunge.no». Dei tilsette som jobbar med gravide, barn, unge eller føresette skal i større grad kunne identifisere sine bekymringar og kjenne til rutinar for å gå i frå bekymring til handling gjennom felles kompetanseløft og handlingsretteleiarane i BTI modellen. Leiing er avgjerande i planlegging, implementering og gjennomføring av endringsprosessar. På kommune- og einingsnivå krev det god forankring hjå politikarar og kommuneleiing for å legge til rette for betre samarbeid mellom sektorane. Det er også heilt avgjerande at einingsleiarane prioritera tverrsektorielt

samarbeid og på den måten sikrar ei felles innsats mot gravide, barn, unge og føresette i kommunen.

#### 4.2 BTI modellen – betre tverrfagleg innsats



(henta frå forebygging.no)

God leiing er også essensielt for å etablere BTI modellen i Lærdal kommune. Det inneberer at einingsleiarane må inspirere og påverke dei tilsette for å nå måla i kommunen sine planar. Det er også viktig at dei er målretta og engasjerte slik at dei legg til rette for og stimulera sine tilsette til å jobbe etter BTI modellen og tenkje tidelg innsats i alt dei gjer. Handlingsrettleiaren er å sjå på som ei felles oppskrift eller ei felles rutine på korleis ein går fram i ei sak der ein er bekymra for eit barn, til korleis ein skal handle. Den syner òg korleis ein sikrar koordinert tverrfagleg samarbeid utan brot i oppfølginga. Puslespelbrikka som binder dei 4 nivå saman på venstre side er sit symbol for koordineringsansvaret, stafetthaldaren.

#### 4.3 Opplæringsprogrammet «Tidleg inn»

Lærdal kommune skal, i samhøve med, kommunedelplan for oppvekst og prosjekt- og tiltaksplanen til prosjektet «Tett på barn og unge» ta tel i opplæringsprogrammet «Tidleg inn» og implementere dette i sin organisasjon. Tidleg inn er eit opplæringsprogram som gjevast av dei regionale kompetansesentera KORUS, RBUP/RKBU, RVTS i samarbeid med Bufetat. Føremålet med opplæringsprogrammet er å gjere tilsette som jobbar med gravide og barn (frå 0-5 år) trygge i å spørje om psykisk helse, rusmidlar og vald i nære relasjonar og forbetre samhandlinga mellom tenestene i møte med brukargruppa. Gjennom opplæringsprogrammet skal dei tilsette få mot til å: spørje og handle. Det skal også sikre at kommunen har rutinar for dei tilsette veit kva dei skal gjere og kven dei skal vende seg til for å følgje opp den einskilde, familien eller barna (KORUS Bergen 2023). Tenester som skal vere med på heile eller delar av opplæringa er: Helsestasjons- og skulehelsetenesta, legetenesta, barnehagane, psykisk helse og rus teneste, PPT, Barnevernstenesta, NAV og politiet. BTI undersøkinga som var gjennomført av KORUS (2023) synte at vald i nære relasjonar var det tema tilsette i Lærdal kommune har minst kunnskap og kompetanse på.


#### 4.4 Oversikt over tverretatlege samhandlingsarenaer i Lærdal kommune

Samhandlings-arena	Mellom kven	Føremål	Kor ofte	Ansvar
<b>Kommunenivå</b>				
<b>«Trygge Lærdal»</b>	Helse, oppvekst, teknisk, politiet, SLT- koordinator, leiar Østfold energi, kommune-direktør og ordførar	Sikre samarbeid mellom politi og kommune	X4 pr år	SLT-koordinator
<b>BTI-styringsgruppe</b>	Einingsleiarar for helse, skulane, Lærdalsøyri barnehage, rådgjevar helse, rådgjevar oppvekst, BTI-prosjektleiar, kommune-direktør	Styrings- og beslutningstakara i BTI prosjektet	X2 pr. år	Prosjektleiar BTI/Tett på barn og unge
<b>Psykososialt kriseteam</b>	Barnevernsleiar, kommuneoverlege, prest, helse-sjuepleiar, psykiatrisk vernepleiar, tenestestadsleiar i politiet	Tidleg innsats og psykososial oppfølging ved ekstraordinære hendingar	--	Leiar psykisk helse og rus
<b>Ressursgruppe for oppvekst (systemnivå)</b>	Skule, barnehage, helsespl., PPT, BVT, Politi, SLT koordinator, NAV, kommunepsykolog. Ved behov kan friviljuge lag og organisasjonar kallast inn	Diskutere trendar, ufordringar, rolleavklaringa, behov for samarbeid, felles innsats	X 2 pr år	Prosjektleiar BTI/Tett på barne og unge
<b>Felles BTI-Team for skule, barnehagar og andre tenester</b>	Barneverntenesta, PPT, Kommune-psykolog, helsestasjons og skule-helsetenesta	Samarbeidsteam for å sikre heilskapleg og koordinert hjelp til barn, unge og familiar  Sikre samordna innsats	X5 pr. år	Prosjektleiar BTI/ Tett på barn og unge

<b>Skulane</b>				
<b>Oppvekstmøte</b>	Einingsleiarar skule og bhg. + rådgjevar oppvekst	Leiarmøte	X1 pr. mnd	Rådgjevar oppvekst
<b>Rektormøter</b>	Rektorane + rådgjevar oppvekst	Leiarmøte	X1 pr. mnd	Rådgjevar oppvekst
<b>Samarbeids- møte spes.ped.</b>	Spes.ped. koordinator, skulehelsetenesta og PPT	Samarbeid om felles sakar	X1 pr. mnd.	Spes.ped.koo rdinator
<b>Overgangs- møter bhg., skule og SFO</b>	Barnehage, skule, SFO og PPT.	Sikre god overgang frå bhg. – skule/SFO	X 2 pr. år	Einingsleiar
<b>Overgangs- møter barneskule - ungd.skule</b>	Barneskule, ungdomsskule og PPT	Sikre god overgang frå barneskule - ungdomsskule	X 1 pr. år	Einingsleiar
<b>Ansvarsgrupper</b>	Koordinert oppfølging av det einskilde barnet	Sikre koordinert oppfølging av barn med samansette behov	--	Koordinator
<b>Barnehagane</b>				
<b>Oppvekstmøte</b>	Einingsleiarar skule og bhg. + rådgjevar oppvekst	Leiarmøte	X1 pr. mnd.	Rådgjevar oppvekst
<b>Styremøte</b>	Styranane og rådgjevar oppvekst	Leiarmøte	X1 pr. mnd.	Rådgjevar oppvekst
<b>Overgangsmøte r frå bhg. – skule</b>	Barnehage, skule, SFO og PPT.	Sikre god overgang frå barnehage – skule/SFO	X2 pr. år	Einingsleiar bhg. og einingsleiar skule
<b>Ansvarsgrupper</b>	Koordinert oppfølging av det einskilde barnet	Sikre koordinert oppfølging av barn med samansette behov	--	Koordinator
<b>Helse</b>				
<b>Helsestasjons- team</b>	Helsestasjonen, skulehelsetenesta og kommunepsykolog	Rettleiing/drøfting av vanskelege sakar	X1 pr veke	
<b>Samarbeid NAV- Helsestasjonen</b>	NAV (flyktninge- tenesta/ vaksen- opplæringa) Helse, barnehage og skule	Sikre samarbeid om felles sakar/brukarar	X3 pr. år	Flyktninge- tenesta/vaks enopplæring

## 5.0 Laget rundt barn, unge og familiar

Alle barn og unge i Lærdal skal bli sett å få den hjelpa dei treng, når dei treng den. For å gjere det skal me byggje eit lag rundt barna og elevane slik at kompetansen er nærast mogleg der barna oppheld seg. Det vil senke terskelen for å ta kontakt med hjelpetenestene og senke terskelen for hjelpetenestene til å samarbeide med kvarandre. Godt tverrfagleg samarbeid er ein føresetnad for å skape eit miljø der alle vert inkluderte, opplever fellesskap og meistring. Slik kan ein førebyggje at problem utviklar seg eller at dei vert større enn nødvendig (Meld. St. 6 (2019-2020) s. 78).



(Bilete er henta frå Meld. St. 6 (2019-2020))

## 5.1 Tidleg innsats

Lærdal kommune har etablert/skal etablere førebyggjande tiltak på universelt og selektiv nivå for å styrkje kommunen si verktøykasse i høve dette arbeidet. Det er hovudmandatet til prosjektet «Tett på barn og unge i Lærdal» og føremålet med denne planen. Å førebyggje er å styrkje faktorar som vernar og redusere risikofaktorar rundt barnet og i samfunnet. Tidleg innsats handlar om å jobbe systematisk for å førebyggje utfordringar hjå enkeltmenneske eller grupper, og setje inn tiltak beinveges når utfordringar avdekkast. Denne planen er ein del av kommunen sin strategi for å lukkast med dette arbeidet.

Tidleg innsats må basera seg på (Imenes, A-K., 2023):

1. Risiko og beskyttelsesfaktorar
2. Barns passering av milepålar i høve utvikling
3. Kjennskap til føresette sin fungering
4. Å vurdere kvaliteten i samspelet mellom føresette og barnet

### 5.1.1 Risiko- og beskyttelsesfaktorar

#### **Risikofaktorar:**

Dei mest alvorlege risikofaktorane med utgangspunkt i Kvello sin oversikt. Lista er ikkje uttømmmande.

- Skadelege omsorgsformar (neglekt, alvorleg svikt, at barnet overtek ansvar og omsorgsoppgåver frå dei føresette)
- Alvorlege krenkingar (fysisk og psykisk vald, mishandling, seksuelle overgrep)
- Foreldre/føresette som er lite emosjonelt tilgjengelege, som viser kjenslemessig kulde eller negativisme mot eige barn. Dette kan vere like skadeleg som andre formar for vald eller omsorgssvikt og kallast emosjonell mishandling.
- Rusmiddelbruk hjå føresette, også under graviditet
- Alvorlege formar for psykiske lidingar hjå dei føresette. Ein må vere spesielt merksame på barn som er pårørande.
- Utviklingsvanskar som ikkje vert forstått og hjelpt. Døme: Det tek lang tid å få ei ADHD diagnose eller at mange med utviklingshemming vert ikkje oppdaga, eller at dei som har dysleksi eller lærevanskar ikkje vert oppdaga og gjeve rett hjelp. Dette gjev følgjevanskar som: sosialt utanforskap, åtferdsvanskar og fagleg utanforskap.
- Skadeleg psykososialt miljø i barnehagar og skular (dette er ekstra skadeleg for dei sårbare barna som meir enn andre er avhengig av barnehage og skule som ein støttande og inkluderande arena):
  - Mobbing
  - Hyppig utskifting av personale (eks. høgt sjukefråvær)
  - Manglande tilsyn
  - Manglande tryggleik
  - Manglande omsorg frå dei tilsette
  - Svakt utvikla struktur/rutinar/reglar
- Høgt fråvær frå skule eller barnehage
- Levekårsutfordringar (ein betydeleg og undervurdert risikofaktor)
  - Manglar bustad
  - Fattigdom
  - Multistressande miljø (har mange belastningar. Til dømes: kronisk sjukdom, traumer, lite pengar, usikker bu-situasjon, samspelsvanskar i familien)

### Faktorar som vernar:

Faktorar som vernar med utgangspunkt i Kvello sin oversikt, lista er ikkje uttømmende.

- Barnet fungera aldersadekvat eller betre på alle basalkompetanseområda: Kognitiv, språkleg, åtferd/moral, emosjonelt, sosialt og motorisk (mindre vanskar knytt til motorikk tolererast)
- Frå barneskulealder → Karakteriserast av fleire av følgjande eigenskapar:
  - Framtidsoptimisme
  - Har eit positiv sjølvbilete
  - Pregast av meistringsorientering
  - Mottek mange stadfestingar i frå andre personar på at dei er likt
  - Er sosiale av natur og er prososial (åtferd som er positiv, konstruktiv og hjelpande) og har vener/tilhøyrar eit sosial fellesskap som også er prososiale.
- og
- Barnet tilpassar seg godt i barnehage/skule (om skulen er velfungerande) Det betyr å lære å forhalde seg til rutinar, godta grenser, at dei fungera godt i sosiale relasjonar, lågt fråvær, samt har frå gode til betre skulefaglege prestasjonar.
- Omsorgspersonane har gode omsorgsferdigheiter som pregar deira omsorgsutøving.
- Foreldre/føresette er godt integrert i samfunnet, dvs.: er i utdanning/jobb, har frå ordiner eller betre fungering psykisk og sosialt.
- Einigheit mellom barnets viktigaste omsorgspersonar om kva vegval som skal takast, verdiar som skal vektleggast, oppslutning om val som takast og at vala er føremålstenlege for barnet.
- Omsorgspersonane engasjerer seg positivt i korleis barnet har det i barnehage/skule.
- Foreldre/føresette samarbeider godt med tilsette i barnehage/skule viss barnet har pedagogiske utfordringar.
- Barnet har jamleg tilgang til velfungerande vaksne i tillegg til føresette som:
  - Investera tid
  - Har mange positive følelsar for barnet
  - Har god omsorgskompetanse
- Frå 8 –års alder: barnet har ein hobby, fritidsinteresse – oppleving av meistring



KS har lista opp 7 målgrupper det er ekstra lønsamt å hjelpe. Desse målgruppene har generelt høgre forbruk av offentlege tenester og meir bruk av trygd og økonomisk sosialhjelp enn den resterande befolkninga (KS u.å., Tangen u.å.). Det vil seie at det også er ekstra føremålstenleg og førebyggje desse utfordringane så tidleg som mogleg og iverksette rask tidleg innsats rundt desse gruppene.

#### **Målgrupper i KS sitt utanfor-rekneskap:**

- Barn i låginntektsfamiliar der barnet er norskfødd med innvandrarforeldre.
- Barn i låginntektsfamiliar der ein eller begge foreldra mottek uføretrygd eller økonomisk sosialhjelp
- Unge som står i fare for å ikkje fullføre vidaregåande opplæring på normert + 2 års tid
- Barn med hjelpetiltak i barnevernstenesta
- Barn som har foreldre/føresette med diagnose innan psykiske lidingar eller rusproblem
- Barn diagnostisert med depresjon eller angst
- Barn diagnostisert med åtferdsvanskar

Kunnskap om risikofaktorar saman med kunnskap om målgruppene frå KS sitt utanfor-rekneskap vil vere det viktigaste grunnlaget for å planlegge førebyggjande tiltak og tidleg innsats. Det er også viktig å kunne noko om kva teikn og symptom sårbare barn og unge viser, men mange viser ingen teikn i det heile teke eller at teikna fyrst kjem etter lang tid (Helsedirektoratet 2019, Imenes, A.K., 2023, Reinart et al., 2018). Difor er det meir føremålstenleg og i all hovudsak setje innsatsen mot dei me veit har ein eller fleire risikofaktorar eller tilhøyrar ei risikogruppe og jobbe aktivt og systematisk for å styrkje dei faktorane som vernar gjennom individ-, gruppe- og samfunnsbaserte tiltak på alle nivå.

## 5.2 Kven er laget rundt born, unge og familiar i Lærdal?

Barnehagar

Lærdalsøyri barnehage: Har sju avdelingar. 3 avdelingar for småbarn, 3 avdelingar større barn og ei eiga avdeling for førskulegruppa (klubben). Det er pr. no knytt ei prosjektstilling 100% prosjektstilling til klubben som skal følge barnegruppa over til skulen for å sikre gode overgang til 1. klasse.

Borgund barnehage: Har ei avdeling, men barnegruppa er delt i to grupper.

Felles for begge barnehagane er eitt hovudopptak i året, med søknadsfrist 01. februar.

Skule og SFO

Lærdalsøyri barne- og ungdomsskule: Har omkring 200 elevar frå 1.-10. klasse og SFO tilbod for 1.-4. klasse. Skulen har ein eigen spesialpedagogisk koordinator som er kontaktsenteret og rettleiar for all kontakt som gjeld spesialpedagogikk.

Borgund skule: Er ei fådelt skule med elevar frå 1.-7.klasse. Skulen har om lag 20 elevar. Borgund skule har tilbod om SFO frå 1.-4. klasse.

Kommunale helsetenester

#### *Helsestasjons- og skulehelsetenesta inkl. jordmortenesta*

Lærdal kommune kjøper 20 % jordmorstilling i frå Helse Førde. Jordmortenesta følgjer opp alle gravide i kommunen og samarbeida tett med helsestasjonstenesta, fastlegetenesta og kommunepsykologen.

Mandatet til helsestasjons- og skulehelsetenesta er å vere ei lågterskelteneste som møter alle barn frå 0-20 år regelmessig i gjennom oppveksten. Tenesta jobbar førebyggjande og helsefremmande og er ei nøkkelteneste i laget rundt barn og unge.

Helsestasjons- og skulehelsetenesta har til saman 1,5 stilling i grunnbemanning. Den heile stillinga er knytt til helsestasjonstenesta med ansvar for helsestasjonsprogrammet, smittevern som å fylgje opp barnevaksinasjonsprogrammet, gje rettleiing om og rekvirere prevensjonsmiddel, gje råd og undervisning om seksuelt overførbare sjukdommar, gje tilbod om reisevaksinering, helsekontroll av flyktningar, massevaksinering ved pandemiar og liknande. I tillegg har helsesjukepleiar på helsestasjonen leiande helsesjukepleiarfunksjon noko som inneber ansvar for fag, internkontroll og rutinar. Helsesjukepleiar driv også ICDP foreldrerettleiing for deltakarar i introduksjonsprogrammet.

Den halve stillinga ligg i skulehelsetenesta og følgjer opp elevar på både på Lærdalsøyri og Borgund skule i medhald til nasjonalfagleg retningslinje og lovpålagde tenester.

#### *Tilskotsmidlar til styrking av helsestasjons- og skulehelsetenesta*

Lærdal kommune fekk i 2021 tildelt tilskotsmidlar frå helsedirektoratet til styrking av helsestasjons- og skulehelsetenesta. Midlane tilsvara 50% helsesjukepleiarstilling og går over 3 år, med 2023 som siste år for tilskot. Midlane er nytta inn i prosjektet «Tett på barn og unge i Lærdal» og har styrka skulehelsetenesta med 50 % ved å:

- Ha meir open dør
- Vere meir til stades i friminutt
- Delta på aktivitetsdagar
- Ha meir undervisning til klassane, også i samarbeid med politi, psykisk helseteneste (blant anna delbart, veke 6, og andre tema etter behov og bestilling frå lærarar).
- Arrangere Kom heimatt festival for ungdom
- Drive grupper for flyktningar
- Vere med på foreldremøte i alle overgangar og elles ved behov
- Meir tverrfagleg samarbeid

Etter å ha jobba aktivt for å vere meir synleg i miljøet ser ein ei stor auke i bruken av skulehelsetenesta både i frå elevar, lærarar og føresette. Helsesjukepleiar og tiltaksstilling gjennom prosjektet «Tett på» samarbeida tett.

#### *Tiltaksstilling gjennom prosjektet «Tett på born og unge»*

Lærdal kommune fekk i 2021 tildelt tilskotsmidlar for kommunalt rusarbeid frå Statsforvaltaren i Vestland fylke på vegne av Helsedirektoratet. Midlane kan gå over totalt 4 år, men det innvilgast berre for eitt og eitt år av gongen. Tiltaksstillinga er knytt til begge skulane og samarbeida tett med skulehelsetenesta:

- Er aktivt til stades i friminutt og i timar/undervisning
- Driv ulike prosjekt saman med skulehelsetenesta og skulen. Til dømes: Trivselsvaktordning, samarbeid med kulturskulen om dansen springar
- Har undervisning med skulehelsetenesta i høve veke 6, delbart, klassemiljø osv.
- Arrangera Kom heimatt festival for ungdom
- Arrangera utekino for ungdom
- Driv grupper for flyktningar
- Arrangera aktivitetar i samband med Tine stafetten (for dei som ikkje spring) og er med å arrangera andre aktivitetsdagar

#### *Kommunepsykolog*

Kommunepsykologen er tilsett i eit interkommunalt samarbeid mellom Aurland, Lærdal og Årdal og er i Lærdal kommune 1-2 gonger/veke. Kommunepsykologen sine oppgåver er i hovudsak å rettleie dei ulike tenestene i kommunen i forhold til innbyggjaranes psykiske helse. Kommunepsykologen har kontor på helsestasjonen.

#### *Miljøarbeidar på skulen*

Det skal tilsetjast miljøarbeidar i 100% stilling som skal drive førebyggjande og oppsøkande arbeid, miljøarbeid og tett samarbeid med skulehelsetenesta. Stillinga skal formast etter kva behov det er på skulen.

#### *Legetenesta*

Består av 4 faste legestillingar og sjukepleiarar/lab.personale. Ei 20% legestilling er tilknytt helsestasjons- og skulehelsetenesta.

#### *Fyiso- og ergoterapeuttenesta*

Tenesta består av to fysioterapeutar og ein fysioterapeut i turnusteneste samt ein ergoterapeut. Fysioterapeutane samarbeider med helsestasjons- og skulehelsetenesta ved behov, men har pr. no ingen systematisk samarbeid. Elles føl tenesta opp barn og unge som har behov for deira tenester i korte eller lengre periodar. Det jobbast for at fysioterapitenesta skal vere meir systematisk inne på barn og unges arena gjennom samarbeid med helsestasjons- og skulehelsetenesta samt at Frisklivssentralen kan nyttast meir inn mot barn og unge.

#### *Aurland og Lærdal barnevernsteneste*

Lærdal kommune har eit felles samarbeid med Aurland kommune om barnevernstenester. Deira hovudmandat er å sikre barn og barnefamiliar rett hjelp til rett tid og at alle born og unge får trygge oppvekstvilkår. Barnevernstenesta samarbeida med alle andre tenester i laget rundt born og unge. Eit mål er at tenesta skal meir inn på foreldremøte og arenaer for barn og unge for å jobbe meir førebyggjande og på den måten ufarleggjere seg.

#### *PPT*

Lærdal kommune kjøper PP-tenester hjå PPT indre Sogn. PPT har faste dagar i barnehagane og på skulane. PPT sitt hovudmandat er å undersøkje om barn og unge kan ha behov for ekstra hjelp i barnehage eller skule. PP tenesta vert for eksempel. kopla inn ved:

- Mistanke om forseinka utvikling

- Språk, tale og kommunikasjonsvanskar
- Lærevanskar
- Fagvanskar
- Konsentrasjons- og merksemdsvanskar
- Åtferdsvanskar
- Sosiale og emosjonelle vanskar
- Funksjonshemming
- Framskoten eller utsett skulestart

PPT gjev også logopedtenester.

SLT koordinator

SLT står for Samordning av Lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande Tiltak. SLT koordinatoren i Lærdal kommune er tilsett i 20% stilling med politirådet som styringsgruppe. Stillinga er pr. 2023 eit engasjement.

Prosjektleiari/koordinator for «Tett på barn og unge i Lærdal» og BTI

Koordinator for «Tett på barn og unge i Lærdal» og BTI lønna pr. no av prosjektmidlar og koordinerer tiltak i høve oppvekstreforma og tverrfagleg samarbeid samt utviklar og implementerer BTI modellen i kommunen.

NAV

NAV gjev opplysning, råd og rettleiing som kan bidra til å løyse eller førebyggje sosiale problem. NAV har også ansvaret for Flyktingtenesta.

Vaksenopplæringa/Introduksjonsprogrammet

Introduksjonsprogrammet gjev obligatorisk opplæring i norsk og samfunnskunnskap, livmeistring i nytt land og foreldrerettleiing (blir gjeve til alle som har eller skal få barn) til alle innvandrara mellom 18 og 55 år. Foreldrerettleiinga vert gjeve av leiande helsesjukepleiar og styrar i barnehagen. Det er ICDP foreldrerettleiingsprogram som vert nytta.

Psykisk helse og rustenester

Psykisk helse og rustenester jobbar i hovudsak med vaksne, men er involvert i skulen gjennom undervisning og ved å arrangere verdsgjenninga for psykisk helse. I tillegg er me kjend med den nasjonale rettleiaren som ligg ute på høyring, saman om barn og unges psykiske helse. Den legg føringar for ei psykisk helseteneste for barn og unge i kommunen som blant anna skal gje foreldrerettleiing og mild behandling (Helsedirektoratet 2023). Det er grunn til å tru at det er eit tiltak som vil vere positivt for barn og unge i kommunen når det gjeld å sikre tidleg innsats.

Barnekoordinator

Lærdal kommune har tilsett barnekoordinator. Barnekoordinatoren sine oppgåver er å koordinere og samordne tenestetilbodet rundt familiar som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne. Barnekoordinatoren er organisert under bu og miljø tenesta.

Kultur og fritidstilbud

Kulturskulen: Tilbyr undervisning i ulike musikkaktivitetar, biletkunst og drama.

Lærdal folkebibliotek: Førebels lokalisert på Lærdalsøyri skule.

Kosen ungdomsklubb: Kosen ungdomsklubb er eit tilbod for ungdom frå 13-18 år. Har ope tysdagar og torsdagar. I følgje Hjertstrøm, Myhrer og Møller (2023) så er Kosen ungdomsklubb den 30. mest besøkte ungdomsklubben i landet.

Juniorklubb: Eit tilbod for alle i 7. klasse etter skuletid ein dag i veke. Føremålet er å gjere overgangen frå barneskula til ungdomsskule enklare. Tiltaket er forankra i prosjektet «Tett på born og unge i Lærdal».

Lærdal kino: Syner filmar for alle aldersgrupper.

Lærdal idrettslag: Har 9 undergrupper innan for ulike idrettar. Les meir her: <https://laerdal-il.no/>

Røde Kors (RØFF): Tilbod til ungdom mellom 13 og 17 år som likar friluftsliv og ønskjer å ha ein aktiv livsstil. RØFF er eit populært fritidstilbod i kommunen. Tilbodet er gratis.

For meir informasjon om kultur og fritidstilbud kan ein sjå Lærdal kommune sine heimesider.

Eksterne samarbeidspartnarar/tenester

*Barne- og ungdomspsykiatrisk avdeling, Sogndal*

BUP er ei psykisk helseteneste for barn og unge og tek i mot barn under 18 år. Alle som skal ta i mot behandling på BUP må ha ei tilvising frå fastlegen. BUP i Sogndal er organisert under Helse Førde.

*Familievernkontoret*

Lærdal kommune er ein del av Sunnfjord og Sogn familiekontor avd. Sogndal.

Familievernkontoret tilbyr rådgeving, rettleiing, kurs og samtalegrupper i høve ulike tema.

Døme på tema/problemstillingar ein kan ta opp med familiekontoret er:

- Hjelp i parforholdet
- Hjelp til samarbeid om felles barn (for foreldre/føresette som ikkje bur ilag)
- Tilbod til foreldre som er fråteke omsorga for barnet sitt
- Hjelp til familien
- Hjelp til barn og unge
- Mekling ved samlivsbrot

Tilbodet er gratis og ein kan sjølv ta kontakt direkte med familievernkontoret.

*Habilitering for barn og unge*

Til habilitering for barn og unge kjem barn og unge under 18 år som har medfødd eller erverva funksjonsnedsetting med nevrologisk årsak. Habilitering betyr å gjere barn og unge med nedsett funksjonsevne og familiane deira i stand til å meistre utfordringar i kvardagen.

### *Statped*

Statped er eit statleg støttetjeneste for kommunar og fylkeskommunar. Statped skal bidra til at sektormål for barnehage og grunnsopplæringa vert nådd og samarbeida ofte tett med PP-tjenesta.

### *Sogn og Fjordane krisesenter*

Eit krisesenter er eit lågterskeltilbod der kvinner og menn med sin barn kan søkje tilflukt. På krisesenteret er ein trygg og ein får den hjelpa ein treng. Krisesenteret i Sogn og Fjordane er lokalisert i Florø.

### *Politikontakt og politiråd*


Ein politikontakt er det daglege kontakt-leddet mellom politi og kommune. Politikontakta er ein rådgivar innan kriminalitetsførebyggjande arbeid. Politirådet er eit formalisert samarbeid mellom øvste leiing i kommunen og det lokale politiet. Rådet skal vere eit strategisk organ for kriminalitetsførebyggjande arbeid, sikre utveksling av kunnskap og erfaring mellom politi og kommune.

### *Paviljongen barseleining, Lærdal sjukehus*

Alle nyfødde i Lærdal får tilbod om opphald på barselavdeling på Lærdal sjukehus dersom dei ikkje treng medisinsk oppfølging.

## 6.0 Tett på barn og unge i Lærdal og Betre tverrfagleg innsats i Lærdal kommune

Kommunen sitt ansvar er å fremje gode oppvekstvilkår for barn og førebyggje at dei utsettast for omsorgssvikt eller utviklar egne vanskar, det er dette barnevernsreforma handlar om. Kommunens ansvar for tidleg innsats og førebygging fordrar at heile laget rundt barn og unge må stå samla. Samordningsplikta som nyleg har trødd i kraft lovfestar ei lik plikt for velferdstenestene til å samarbeide om oppfølginga av dei barn og unge som har behov for samansette tenester. Det er også kommunen sitt ansvar å sørge for at barn og unge får nødvendig helse- og omsorgstenester samt at dei får oppfylt retten til grunnskuleutdanning (NOU 2023:7 s.373, Helsedirektoratet 2022). Det er naturleg at «Tett på born og unge» og arbeidet med BTI vert paraplyen for å koordinere dette arbeidet i praksis og for å vere pådrivar for at tiltaka i den førebyggjande planen går sin gang. Tiltaka som allereie er igangsett og som skisserast i denne planen går på tvers av fleire einingar og sektorar, difor er det naudsynt at nokon har koordineringsansvaret for planen og implementeringa av den.



### 6.1 Tiltak

Det er utarbeida ein eigen tiltaksplan. Tiltaka er sortert etter dei mest alvorlege risikofaktorane og etter universelt, selektivt og indikativt nivå. Ei satsing på tiltak knytt til risikofaktorar vil i stor grad også styrke faktorane som vernar, i tillegg til at det varetek dei tre andre viktige faktorane for tidleg innsats: Barns passering av milepålar, kjennskap til føresette sin fungering og å kunne vurdere kvaliteten på samspelet mellom føresette og barnet (Imenes, A-K., 2023). I tillegg er det føremålstenleg for at tiltaka skal nå flest mogleg på eit tidlegast mogleg tidspunkt, helst før skade og skeivutvikling skjer. [Klikk her for å kome til tiltaksplanen.](#)

### 6.2 Nettsida «Tett på barn og unge i Lærdal»

For å sikre at alle innbyggjarar og tilsette i Lærdal kommune finn relevant informasjon om korleis kommunen jobbar med oppvekst som heilheit (kommunens samhandlingsmodell på 3 nivå), kva tenester, tiltak og samarbeidsstruktur som er i kommunen er nettsida «Tett på barn og unge i Lærdal» under utvikling. På denne nettsida ligg også handlingsretteleiarer i

høve BTI modellen som skal sikre tidleg innsats og koordinert oppfølging utan brot i tenestene. Dette er i tråd med Bufdir (2022) *Regelverk for tilskudd til systematisk identifikasjon og oppfølging av utsatte barn*. Lærdal kommune har avtale med Gnizt design og Aptum for drift av sida. BTI koordinator har ansvaret for å tilpasse sida til Lærdal kommune og oppdatere sida regelmessig.

### 6.3 Styrking av allereie eksisterande tenester og tilbod

Oppvekstreforma og ny barnevernlov stiller høgre krav til kommunen sitt totale tenestetilbod retta mot barn og unge. For at Lærdal kommune skal kunne møte krava i oppvekstreforma og syte for eit målretta og systematisk førebyggjande tenestetilbod til barn og unge er det naudsynt å argumentere for auka ressursar i enkelte tenester og tilbod. Prop. 133 L (2020-2021) s. 458 seier følgjande:

*Et godt forebyggende arbeid kjennetegnes av at det er tydelig definert hvilke roller ulike instanser har i det samlede tjenestetilbudet, og at tjenestene dimensjoneres, slik at barnevernet og andre tjenester har tilstrekkelig kapasitet og kompetanse til å tilby den hjelpen og oppfølgingen som er nødvendig til riktig tid.*

#### 6.3.1 Styrking av grunnbemanning i helsestasjons- og skulehelsetenesta

Helsestasjons og skulehelsetenesta er ei av dei viktigaste helsefremjande og førebyggjande tenestene retta mot barn, unge, gravide og familiar (Meld. St. 15 (2022-2023) s. 27). Same stortingsmeldinga og Meld. St. 23 (2023-2033) s. 45 slår fast at hovudutfordringa til helsestasjons- og skulehelsetenesta er tilgjengelegheit og kapasitet, slik er det også for Lærdal kommune når ein tek vekk tilskotsmidlane tenesta har hatt dei siste åra. Helsestasjons- og skulehelsetenesta er den einaste tenesta som møter alle barn og følgjer dei og deira føresette regelmessig i frå fødsel til dei går ut av skulen. Det gjer at helsestasjons- og skulehelsetenesta er i ein unik posisjon til å til å jobbe helsefremmande, førebyggjande og setje verk tiltak på eit tidleg stadium (Meld. St. 23 (2023-2033) s. 45). Opptappingsplan for psykisk helse (Meld. St. 23 (2023-2033) s. 45) peikar på helsestasjons- og skulehelsetenesta som eit viktig satsingsområde framover for å vareta barn og unges psykiske helse.

#### *Helsestasjonstenesta*

Grunnbemanninga i tenesta er 1 stilling. Helsestasjonstenesta i Lærdal føl opp alle barn frå 0-5 år etter helsestasjonsprogrammet. Mange har behov for ekstra konsultasjonar utover dette, både i form av telefonkonsultasjonar, avtale på helsestasjonen og som ekstra heimebesøk. Helsestasjonen har også ansvar for smittevern som å fylgje opp barnevaksinasjonsprogrammet, gje rettleiing om og rekvirere prevensjonsmiddel, gje råd og undervisning om seksuelt overførbare sjukdommar, gje tilbod om reisevaksinering, helsekontroll av flyktingar, massevaksinering ved pandemiar og liknande. I tillegg har helsesjukepleiar på helsestasjonen leiande helsesjukepleiarfunksjon noko som inneber ansvar for fag, internkontroll og rutinar.

Tenesta føl opp mange familiar med ulike og samansette problemstillingar: Forseinka utvikling, åtferdsutfordringar, samlivsbrot, psykisk helse hjå føresette, undervekt, overvekt, samspelsutfordringar osv.



Mange familiar har behov for konsultasjonar utover det som er fastsett i helsestasjonsprogrammet og ofte er helsesjukepleiar den som kjenner familiare best og som dei vender seg til. I tillegg er alle familiar ulike og det er stor forskjell på kva ressursar dei har i seg sjølv eller rundt seg for å best mogleg kunne meistre eigne liv og foreldrerolla. Dette krev mange ekstrakonsultasjonar utan om helsestasjonsprogrammet og genererer høg bruk av ressursar i form av tid.

Lærdal kommune har også valt å nytte leiande helsesjukepleiar i saman med styrar i Lærdalsøyri barnehage til å følgje opp kravet om obligatorisk foreldrerettleiing i introduksjonsprogrammet (Integreringsforskrifta, 2020, § 3). Dei nyttar foreldrerettleiingsprogrammet ICDP og er sertifiserte rettleiarar. Det er ingen andre i Lærdal kommune som har denne sertifiseringa. ICDP går over 8-12 gonger og kvar samling varar i 2 timar. I tillegg er det naudsynt for rettleiarane å førebu seg 1-2 timar før kvar samling. Å følgje opp dette krev mykje tid, men foreldrerettleiinga er eit lovpålagt tilbod til deltakarar i introduksjonsprogrammet og heilt i tråd med intensjonen til oppvekstreforma. I tillegg er det viktig for Lærdal kommune i eit universelt og selektivt førebyggjande perspektiv og ha ICDP kompetansen i kommunen som også kan kome føresette utanom introduksjonsprogrammet til gode og vere eit nyttig verktøy for å førebyggje omsorgssvikt og åtferdsvanskar framover.

#### *Skulehelsetenesta*

Grunnbemanninga i tenesta er ei 0.5 stilling. Noko som er under anbefalt bemanning i medhald til normtal for å gjere dei lovpålagte oppgåvene.

Tilskotsmidlane som Lærdal kommune har hatt dei siste åra har tilsvare ei auka bemanning på 0.5 stilling ekstra. Dei har bidrege til å byggje opp ei skulehelseteneste som er heilt i tråd med intensjonen og mandatet til tenesta. Nemleg ei lågterskel teneste, der helsesjukepleiar er tilgjengeleg på skulen dagleg, det er ingen ventetid og elevar, føresette og lærarar kan ta kontakt utan avtale. For å byggje opp ei slik teneste har det vore heilt naudsynt at helsesjukepleiarane har vore mykje ute i miljøet, vore med i undervisning, i friminuttane, hatt grupper og delteke regelmessig på samarbeidsmøte med lærarar, spes.ped.koordinator, PPT og kommunepsykolog. I tillegg til å bidra til ei lågterskel teneste har helsesjukepleiarane på desse arenaene jobba førebyggjande på universelt nivå (med undervisning og å drive trivselsarbeid) og selektiv førebygging ved å til dømes drive elevgrupper som tiltak mot for eksempel. dårleg klassemiljø. Helsesjukepleiarane er godt integrert på skulane noko som senker terskelen for systematisk tverrfagleg samarbeid. Når tilskotsmidlane avsluttast i utgangen av 2023 vil det ikkje lengre vere rom for å drive med andre tiltak enn det som er absolutt naudsynt, faste konsultasjonar i medhald til programmet i skulehelsetenesta.

#### *Grunngjeving for å styrke grunnbemanninga i skulehelsetenesta:*

Helsedirektoratet ynskjer ein rettleiar for anbefalt bemanningsnorm i helsestasjons- og skulehelsetenesta. Rettleiaren skal ta utgangspunkt i nasjonalfagleg retningsline for helsestasjons- og skulehelsetenesta (Helsedirektoratet, 2017a), og byggje vidare på Utviklingsstrategi for helsestasjons- og skulehelsetenesta (Helsedirektoratet, 2010), heretter kalla UHS.

Ein slik rettleiar har komme for helsestasjonstenesta, men er under utarbeiding når det gjeld skulehelsetenesta. Rettleiaren for helsestasjonstenesta er berekna på «vanlege tilsette» og

ikkje dei med leiarfunksjon eller utvida oppgåver som til dømes smittevern, reisevaksinerings og drift av foreldrerettleiingsprogram.

Når det gjeld skulehelsetenesta er UHS er nytta i utrekninga og synleggjer skulehelsetenesta sitt bemanningsbehov. Det er då verdt å merke seg at UHS er 13 år gammal og at rammene for helsesjukepleiar sine oppgåver har endra seg drastisk i løpet av dei siste åra. Den største endringa skjedde i 2017 då rettleiaren IS-1154 «Kommunens helsefremmande og førebyggjande arbeid i helsestasjons- og skulehelsetenesta» frå 2004 vart erstatta med ei nasjonalfagleg retningslinje. Innhaldsnormeringa i den nasjonalfaglege retningslinja er meir utfyllande enn tidlegare og helsestasjons- og skulehelsetenesta har langt fleire skal og bør-oppgåver enn tidlegare (Helsedirektoratet 2017b s. 20). Ei utrekning etter bruk av UHS vil derfor vere eit absolutt minimum av behov for å dekke dei lovpålagde oppgåvene.

Ei auka grunnbemanning i skulehelsetenesta er naudsynt for å følgje opp dei lovpålagte tenestene, men det er også heilt naudsynt for å kunne vidareføre den gode tenesta som er bygd opp over dei siste åra når det gjeld lågterskeltilbod og drift av førebyggjande tiltak på universelt og selektivt nivå.

UHS (Helsedirektoratet 2010 s. 47) legg desse føringane:

Barneskule 1-7: «Ei helsesøster i 35 % stilling kan følge opp 100 skolebarn.»

Ungdomsskule: «Ei helsesøster i 18 % stilling kan følge opp 100 skolebarn.»

Skule	Elevtal (2023-2024)		Behov ressurs helsesjukepleiar
Lærdalsøyri barneskule	118	140	49 %
Borgund skule	22		
Lærdalsøyri ungdomsskule	79	79	14.22 %
Sum			63.22 %

Helsedirektoratet (2021) er også heilt klare på at det bør bemannast opp for å kunne takle travle periodar og sjukdom slik at tenesta har eit slingringsmonn, slik at tilsette kan nyttast både i helsestasjonen og i skulehelsetenesta. I tillegg er det naudsynt at Lærdal kommune rustar verktøykassa si i høve tilbod om foreldrerettleiing til føresette i skulen. Den funksjonen bør mellom anna liggje i skulehelsetenesta som har som mandat fremme meistring av foreldrerolla. For å sikre ei grunnbemanning som følgjer anbefalte normal, oppfylle krav i oppvekstreforma og for å vidareføre den skulehelsetenesta som me har pr. i dag bør ein styrke tenesta med 0.5 stilling.

#### Kostnader

Kostnader	Beløp	Inkl. sosiale utgifter	Totale kostnader
Auka helsesjukepleiar ressurs i 50 % stilling	299 000,- kr	378 644,- kr	378 644,- kr
Helsesjukepleiar i 100% stilling =	598 000,-		

### 6.3.2 System for foreldrerettleiing

Lærdal kommune manglar eit system for foreldrerettleiing på universelt nivå og selektivt nivå. For å oppfylle barnevernsreformas mål om førebygging og tidleg innsats er god foreldrestøtte heilt sentralt (Bufdir u.å.). Lærdal er ein liten kommune og har små fagmiljø, det betyr at ein må prioritere, når ein skal ta ei avgjerd om kva program ein ønskjer å satse på. Det å gje foreldrerettleiing er ressurskrevjande på fleire måtar, det krev tid og pengar, men ein veit også at foreldrerettleiing er eit viktig verktøy i førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar. Det er to områdar som peikar seg ut når det gjeld behov for foreldrerettleiing i Lærdal. Det eine er rettleiing til føresette på eit tidlegast mogleg tidspunkt på samspel, barnets utvikling, foreldrerolla og skjermbruk (både føresette sin skjermbruk, men også barna sin skjermbruk). Det andre er foreldrestøtte som eit systematisk tilbod til alle føresette for ungdom om ungdomstid, lausriving, grensesetting, problemløysing og sjølvregulering. Det sistnemnte har over tid vorte spelt inn i frå både fagpersonell og føresette sjølv, sist i medverknadsprosess i høve planarbeidet.

#### **Dette har Lærdal kommune pr. i dag:**

- Leiande helsesjukepleiar og styrar i Lærdalsøyri barnehage har ICDP kompetanse. Nyttast pr. no til systematiske kurs i introduksjonsprogrammet.
- Barnevernstenesta har ein COS-P rettleiar.
- PPT har kompetanse på DIALOG foreldrerettleiing som nyttast på selektiv nivå.

#### *Forslag til organisering av foreldrerettleiing i kommunen framover*

Kommunen bør satse på to program for foreldrerettleiing. Begge programma kan nyttast på universelt og selektivt nivå i førebyggingspyramiden, og begge svarar til det behovet som er i kommunen. Den største utfordringa er å få programma til gå systematisk over tid. For å få det til må ein:

- Definere kva teneste som skal ha ansvar for foreldrerettleiingsprogrammet
- Frikjøpe personell til utdanning og drift av programmet

#### *COS-P- Circle of security parenting (0-6 år)*

Bør fyrst og fremst organiserast som eit universelt tilbod til alle småbarnsforeldre, fortrinnsvis føresette heime i foreldrepermisjon. Ein kan køyre ei eller to grupper i året, alt etter behov og interesse. Helsestasjon kan nyttast som lokasjon og helsesjukepleiar som regelmessig møter alle nybakte foreldre og føresette kan rekruttera deltakarar.

#### *Korleis får COS-P systematisk implementert?*

To tilsette, gjerne ein i frå kor barnehage tek COS-P utdanning og held kurs saman med tilsett i barnevernstenesta. Dette gjev fleire fordelar:

- Barnehagane får COS-P kompetanse og kan nytte COS-P i individuell rettleiing av familiar i barnehagen som har utfordringar.
- Dei tilsette i barnehagane blir kjend med føresette og barnet før dei byrjar i barnehagen
- Bidreg til å ufarleggjere barnevernstenesta ved at dei er med på lågterskel foreldrerettleiing
- Styrkar tverrfagleg samarbeid mellom barnehagane, helsesjukepleiar og barnevernstenesta

- Fleire tilsette i barnehagane og skulane har allereie fått COS rettleiing (ikkje som dei kan nytte til foreldrerettleiing), men som dei sjølv kan nytte i møte med barn og unge. Som nemnd tidlegare er personell i skule og barnehagar svært viktige vaksenpersonar for barn og unge, spesielt for dei sårbare barna. Soleis blir det ein raud tråd for korleis ein jobbar i kommunen og kva tilbod ein gjev til føresette.

#### Utfordringar med bemanningssituasjon i kommunen

For å få eit lågterskel tiltak som går systematisk og over tid vil barnehagepersonell vere nøkkelpersonar i å gje foreldrerettleiing til gruppa frå 0-6 år. Dette er med bakgrunn i at helsesjukepleiar i helsestasjonstenesta allereie nyttast til foreldrerettleiing til deltakarar i introduksjonsprogrammet. I og med at helsestasjonstenesta berre består av ein person kan ikkje vedkommande ta nye oppgåver utan at det vil gå på kostand av dei andre lovpålagde oppgåvene.

Situasjonen i barnehagane, spesielt Lærdalsøyri barnehage er pressa på grunn av samansette årsaker som plassmangel, rullerande opptak heile året, høgt tal av barn som krev ekstra ressursar som til dømes flyktningar. Den største utfordringa er likevel pr. no bemanning. Den seinaste tida har det vore stort fråfall av bemanning og barnehagen har store utfordringar med å rekruttere nye medarbeidarar/få inn vikarar. Dette er ei utfordring lokalt, men også på landsbasis. Slik situasjonen er no så er det ikkje mogleg å pålegge barnehagepersonellet fleire arbeidsoppgåver enn det dei har i barnehagen for å oppretthalde eit tilbod med kvalitet. Det er difor svært krevjande å planleggje for systematisk foreldrerettleiing til aldersgruppa 0-6 år.

Det bør likevel vere eit klart mål for framtida, i løpet av denne planperioden, at foreldrerettleiingsfunksjon vert forankra i ei stilling i barnehagane slik at ein får foreldrerettleiingskompetanse inn som ein del av dei faste arbeidsoppgåvene. På den måten vil det ikkje gå utover den daglege drifta og foreldrerettleiing kan gjevast som eit fast tilbod i Lærdal kommune, som skissert over. Funksjonen kan for eksempel leggjast til pedagog, miljørettleiar med høgskuleutdanning eller assisterande styrar.

#### TINT- Tuning into Teens (10-18 år)

TINT er eit evidensbasert program som kan nyttast på universelt nivå, men også på selektivt nivå. Programmet gjevast i grupper. Tilbodet gjev føresette verktøy til å meistre det å vere føresette til ungdommar og moglegheit til å diskutere aktuelle utfordringar/problemstillingar med andre føresette.

#### Mål med TINT:

- Byggje eit nært emosjonelt band mellom føresette og ungdomen
- Lære ungdommen sosiale ferdigheiter og redusere utagerande oppførsel
- Hjelp med å takle vanskelege kjensler som: redsel, sinne, tristheit og frustrasjon.
- Behalde roen når ungdommen har sterke kjensler
- Fremme kjenslemessig kompetanse hjå ungdomane sine
- Auke medviten omkring eigne kjensler og emosjonsregulering

(Bufdir u.å.).

Korleis få TINT systematisk implementert?

Tilsett i skulehelsetenesta kan ta kurset saman med tilsett i psykisk helseteneste for barn og unge.

- Dersom skulehelsetenesta aukast opp, kan dette vere ein del av stillingsbeskrivinga til helsesjukepleiar i skulehelsetenesta. Det treng difor ikkje å gå på kostnad av andre arbeidsoppgåver.
- Retningslinja «*Sammen om barn og unges psykiske helse*» (høyringsutkast) (Helsedirektoratet 2023), legg føringar for at kommunen skal ha ei psykisk helseteneste for barn og unge og at dei skal drive foreldrerettleiing. Det vil vere naturleg at tilsett i den tenesta driv TINT i saman med skulehelsetenesta.
- Bidreg til auka tverrfagleg samarbeid mellom skulehelsetenesta og psykisk helseteneste for barn og unge.
- TINT bidreg til å møte behov i kommunen.

Kostnadar

Kostnadar COS-P	Kostnadar inkludert sosiale utgifter
Kursavgift pr. tilsett	21 000,- kr (eingongsutgift)
Årsløn pr. tilsett barnehagelærer i 100% stilling (16 års ansiennitet)  569 100,-/år  720 690,-/år inkl. sosiale utgifter	
Frikjøp frå arbeidsplassen i høve fire dagars kursopplæring	12 533,-
Frikjøp av 10 % stilling	72 069,-
Sum fyrste år inkl. 4 dagars opplæring og kursavgift	105 602,-/ tilsett
Årleg drift etter utført opplæring	72 069,-/tilsett/år

Kostnadar TINT	Kostnadar inkludert sosiale utgifter
Kursavgift pr. tilsett	8000,-
Årsløn pr. tilsett helsesjukepleiar/spesialsjukepleiar i 100% stilling (16 års ansiennitet)  598 000,-/år  757 288,-/år inkl. sosiale utgifter	
Frikjøp frå arbeidsplassen i høve to dagars kursopplæring	6585,-/tilsett
Frikjøp av 10 % stilling	75 728,-/tilsett/år
Sum fyrste år inkl. to dagars opplæring og kursavgift	90 313,-/tilsett
Årleg drift etter utført opplæring	75 728,-/tilsett/år

## Finansiering

I oppstartsfasen er det mogleg og søkje midlar frå Bufdir til foreldrestøttande tiltak. Ein kan søkje midlar for inntil 3 år, midlane utbetalast for eitt år av gongen. Tilskotsmidlane kan nyttast til:

- Kunnskapsbaserte foreldrestøttande tiltak som tek utgangspunkt i fagleg etablerte metodar med dokumentert eller sannsynleggjort verknad.
- Supplerande foreldrestøttande tiltak som: opne møteplassar, avlastningstiltak og andre lågterskeltilbod som styrkar deltaking, nettverk og oppleving av støtte og meistring.
- Kompetanseheving av personar tilsett i kommunen eller friviljuge organisasjonar som er naudsynt for å kunne etablere foreldrestøttande tiltak i kommunen.

(Bufdir 2023).

Lenkje til tilskotsordninga: <https://www.bufdir.no/tilskudd/foreldrestottende-tiltak/>

For å sikre ei varig implementering av tiltaket er det naudsynt at Lærdal kommune dimensjonerer aktuelle tenester til å kunne drive foreldrestøttande tiltak utan tilskotsmidlar. Då er det naudsynt at relevant personell frikjøpast i ein del av stillinga si for å drive foreldrerettleiing. Dette gjeld spesielt for tilsette i barnehage og skule, der det ofte er naudsynt med vikar for tilsett som skal drive foreldrerettleiingsprogrammet.

### 6.3.3 Koordinator for førebygging og tidleg innsats etter at prosjektmidlane i høve prosjekt «Tett på barn og unge» og BTI går ut

Prosjektet «Tett på barn og unge» tek utgangspunkt i den nye oppvekstreforma, endringar i 14 velferdstenestelovar i høve tverrfagleg samarbeid og ei rekke lokale utfordringar som er synleggjort gjennom ung-data undersøkinga, kommunens folkehelse- og oppvekstprofil, erfaringar frå einingar som arbeider med born og unge og i frå born og unge sjølv (Helsedirektoratet 2022). I seinare tid har også Telemarksforsking synleggjort desse utfordringane og skissert «Tett på» og BTI som gode treffsikre tiltak (Hjertstrøm, Myhrer og Møller, 2023) Prosjektet er tverretatleg og tverrfagleg i alle ledd: Prosjektplan, ressursgruppe og beskrivne tiltak og det er bygd opp for å samordne tenestetilbodet til barn og unge i høve ny oppvekstreform. BTI prosjektet er ein sentral del av «Tett på» der Lærdal kommune har fått tilskotsmidlar på 1 000 000,- kr. frå Bufdir, tilskotsmidlane går over 2 år, fram til hausten 2024. Lærdal kommune har inngått samarbeidsavtale med kompetansesentera KORUS, RVTS og RKBU i høve BTI arbeidet fram til 2028. Ei reform betyr ei forandring eller omdanning av beståande forhold (Store Norske leksikon u.å.). Det betyr også at alle tiltaka i førebyggjande plan, «Tett på» og BTI er varige endringar for kommunen. For å sikre ei varig implementering er det naudsynt at kommunen har ein koordinator for dette omfattande arbeidet. Dette har også vore ei tydeleg attendemelding frå fleire einingar og samarbeidande instansar i utarbeiding av prosjektplan for prosjektet «Tett på born og unge i Lærdal», det har også vore ei attendemelding i planprosessen for førebyggjande plan. Koordinatorfunksjonen kan også sjåast i samanheng med koordinator for SLT, då SLT og «Tett på» jobbar etter same føremål.

## Kostnader

Stilling	Kostnad	Inkl. sosiale utgifter	Totale kostnader
BTI, SLT og «Tett på» koordinator i minst 50% stilling  Minimum 4 års høgskuleutdanning og erfaring frå kommunal sektor og arbeid med barn, unge og familiar  Grunnløn 600 000,-/år i full stilling.	300 000,-/år	380 070,- kr/år	380 070,- kr/år

### 6.4 Behov for nye tenester og tiltak i kommunen

For å oppfylle krav i oppvekstreforma er det i tillegg til å styrkje allereie eksisterande tilbod, også naudsynt å etablere nye tenester og tiltak etter retningslinjer, regelverk og anbefalingar.

#### 6.4.1 Etablere psykisk helseteneste for barn og unge

Prop. 121 S (2018-2019 s. 46) slår fast at det er behov for å vidareutvikle gode lågterskeltilbod for barn og unge i kommunane for å vareta barn og unges psykiske helse. I forbindelse med dette ligg no den nasjonale rettleiaren «*Sammen om barn og unges psykiske helse*» ute på høyring. Den legg føringar for ei psykisk helseteneste for barn og unge i kommunen. Det er særskilt kapittel 3 og 4 som vert viktig for Lærdal kommune, kapitla handlar om «Heilskapleg behandling og oppfølging i kommunen» og «Koordinering mellom kommune og psykisk helsevern for barn og unge». Det inneberer blant anna:

«Kommunen skal sørge for tilgjengelig og tverrfaglig psykisk helsetjeneste som gir tidlig hjelp og behandling til barn og unge med psykiske helseplager, begynnende rusmiddelproblemer og reaksjoner på belastende livshendelser. Tjenesten bør ha et familieperspektiv og tilby foreldrestøtte.» (Helsedirektoratet 2023 (høyringsutkast)).  
 «Kommunens psykiske helsetjeneste bør tilby behandling og oppfølging til barn og unge med milde til moderate psykiske helseplager, begynnende rusmiddelproblemer og belastningsreaksjoner og deres foreldre.» (Helsedirektoratet 2023 (høyringsutkast)).

Rettleiaren er forventet ferdigbehandla sept. 2023. Lærdal kommune må difor følge med og etablere tenestene ut i frå det som vedtakast i rettleiaren. Ut i frå høyringsutkastet som no ligg føre vert det naturleg at psykisk helseteneste for barn og unge driv foreldrerettleiing i saman med andre kommunale einingar, til dømes skulehelsetenesta som skreve over.

#### 6.4.2 Etablere eit formelt samarbeid kring fritidserklæringa

Ein viktig vernande faktor er at barn deltek på minst ein meningsfull aktivitet frå 8 års alder. Deltaking i meningsfull aktivitet bidreg til meistring, fellesskaps og venskapsopplevingar. I

tillegg veit me at fritidsaktivitetar og andre trygge arena kan vere ein fristad og eit pusterom for dei barn og unge som lev i ein utrygg heim eller av andre grunnar er sårbare. Barn som ikkje deltek i fritidsaktivitetar har i tillegg auka risiko for å utvikle psykiske helseplagar, lågare skuletrivsel, ha færre vener og er meir utsett for mobbing (Meld. St. 13 2018-2019 s. 143).

Lærdal kommune har fleire tilbod av fritidsaktivitetar, nokon er gratis eller har låg kontingent. Til tross for dette veit me at fleire fell i frå av ulike årsaker og NAV Aurland og Lærdal rapportera om fleire som har fått økonomisk støtte til deltaking på fritidsaktivitetar. Levekårutfordringar er eit skambelagt tema og mange familiar søker ikkje økonomisk støtte frå NAV. I tillegg aukar dei økonomiske kostnadane dess fleire ungar ein har og nokre grupper er meir utsett enn andre når det gjeld barnefattigdom.

**Dei gruppene som er mest utsette for barnefattigdom er:**

- Barn i hushald med innvandrarbakgrunn
- barn i hushald med einslege forsørgerar
- barn i hushald med svak tilknytning til arbeidslivet eller der hovudinntektstakar har låg utdanning
- barnerike hushald.
- Barn med funksjonsnedsettingar eller kronisk sjukdom
- Barn i hushald som mottek over halvparten av samla inntekt gjennom offentlege overføringar.

(Bufdir 2023).

I følgje folkehelseinstituttets oppvekstprofil ligg Lærdal betre ann enn resten av Noreg når det gjeld familiar som mottek sosialhjelp, Lærdal er på gjennomsnitt med landet elles når det gjeld familiar med vedvarande låg inntekt. Det gjeld også barn av einslege forsørgerar (Folkehelseinstituttet 2023). Det totale talet på innvandrarar i Lærdal kommune er 294 stk., det er grunn til å tru at mange av desse er barn under 18 år.

Sjølv om utfordringsbilete ikkje synast å vere så stort er det likevel naudsynt med samarbeid og tiltak kring fritidserklæringa for å sikre at alle born og unge har like moglegheiter. På landsgjennomsnitt er det omkring 11.3 % av alle barn som lev i låginntektsfamilie. For Lærdal kommune hadde ein tilsvarande % betydd ca. 39 ungar.

Det er difor naudsynt med eit formalisert samarbeid kring fritidserklæringa for å sikre likt tilbod til alle barn og unge i Lærdal. Eit mål med fritidserklæringa er at:

*«Alle barn og unge må inkluderes på lik linje, uavhengig av for eksempel kjønn, etnisitet, religion, seksuell orientering, funksjonsevne, bosted og foreldrenes sosiale og økonomiske situasjon». (Regjeringa, 2022).*

Alle skal ha moglegheit til å delta på minst ein organisert fritidsaktivitet saman med andre. (Regjeringa 2022).

*Slik kan det gjerast*

Utarbeide ei lokal avtale mellom kommune, friviljuge lag og organisasjonar som sikrar eit formalisert samarbeid i høve fritidserklæringa. Ei avtale bør sikre at desse punkta vert ivareteke (allemed.no u.å.) :



Rutinar og tiltak	Etablert i Lærdal kommune
Forankre i strategiar og planverk at alle barn og unge skal få høve til å delta i fritidsaktivitet uavhengig av familiens sosiale status og økonomiske situasjon.	Forankra i førebyggjande plan
Utarbeide og vedta ein frivilligheitspolitikk eller ein plan for frivilligheit.	Nei
Ha faste møter mellom kommunen, friviljuge lag og organisasjonar der ein diskutera utfordringar og felles løysingar for å inkludere barn og unge som fell utanfor.	Ikkje igangsett, planlagt gjennom Tett på
Publisere kontaktinfo til kommunalt tilsett som kan kontaktast dersom ein møter på utfordringar eller er bekymra for at eit barn hindrast frå å delta i fritidsaktivitet.	Nei
Ha faste rutinar for at barn og unges stemme inkluderast når det gjeld avgjersler og som angår deira fritid	JA
Etablere utlånsordning for utstyr til fritidsaktivitetar	JA
Lett tilgjengeleg oversikt over aktivitetstilbod til barn og unge	JA
Ha enkle ubyråkratiske støtte- og tilskotsordningar som dekker kontingent, reiseutgifter eller andre ekstrautgifter for barns deltaking i fritidsaktivitetar (for eksempel ordning som ikkje krev dokumentasjon av inntekt eller ikkje er refusjonsbasert)	Nei
Leggja til rette for at barn og unge med funksjonsnedsettingar kan delta i fritidsaktivitet på lik line med jamaldringar	Nei

I Meløy og Kinn kommune er dette løyst ved at kommunestyret har vedteke at det setjast av ein fast del av budsjettet årleg som skal nyttast som ubyråkratisk støtteordning til barn og unge mellom 6-18 år, noko som kan senke terskelen for å be om hjelp. I Meløy er ordninga slik at alle vaksne rundt barnet (helsesjukepleiar, lærar, lagleiar, trenere, føresette osv.) kan søkje om tilskot på inntil 3000,- pr. barn, utan at det er naudsynt å leggje ved dokumentasjon på låg inntekt osv. (Meløy kommune u.å., Kinn kommune u.å.) Kinn nyttar skulehelsetenesta til å systematisk kartleggje barns fritidsaktivitetar. Dette skjer gjennom samtale med alle barn og føresette om fritid og fritidsaktivitetar på faste konsultasjonar i skulehelsetenesta i 3. klasse og 8. klasse. Soleis får ein ei systematisk kartlegging samstundes som ein får ut informasjon om støtteordninga. Nettsida Allemed.no er eit hjelpemiddel til kommunane i arbeidet med fritidserklæringa og kan vere eit godt hjelpemiddel for Lærdal kommune vidare.

Meløy kommune: <https://www.meloy.kommune.no/innhold/kultur-og-fritid/alle-med-i-meloy/>

Ein annan måte å løyse det på er gjennom ordninga «Fritidskortet». Fritidskortet er personleg og tilgjengeleg for alle barn og unge mellom ein viss alder og fyllast med ein fast sum kvart år. Kortet kan lastast ned gjennom Friskus (Lærdal nyttar allereie Friskus), og

nyttast til å betale for fritidsaktiviteter. Kvam og Bodø er døme på kommunar som har teke i bruk denne ordninga.

Kvam: <https://www.kvam.no/fritidskortet/>

Som eit førebyggjande tiltak for barn og unge vert eit liknande tiltak føreslått som prøveordning for Lærdal kommune:

Tal barn og unge 5-19 år (statistisk sentralbyrå, 2023)	Barn og unge i låginntektsfamiljar i Lærdal	Barn og unge i familjar som mottek sosialhjelp	Sum
344 stk. i 1. kvartal 2023	9 % = 30.96 barn (folkehelseinstituttet 2023)	1.3 % = 4.47 barn (folkehelseinstituttet 2023)	35.43 barn

Utrekningar for begge dei alternative forslaga:

Støtte til familjar som har behov:		
Tal barn med levekårsutfordringar mellom 5-19 år:	Støtte pr. barn:	Behov for å setje av i budsjett:
35.43 barn	1500,-/år	53 145,-/år
Fritidskortet		
Tal barn mellom 8-15 år (ca. 20 barn/årskull)	Støtte pr. barn ved bruk av fritidskortet	Behov for å setje av i budsjett:
160 barn	1500,-/år	240 000,-/år

## 7.0 Oppfølging og evaluering

Mange av tiltaka som er skissert i denne planen kan inngå i ordinær drift. Det vert då kvar og ein einingsleiar sitt ansvar å følgje opp og implementere tiltaket i si eining. Tiltaka som går på tvers av einingar eller er sektorovergripande lyt ha ein koordinator for samordne tenestetilbodet og sikre opplæring, implementering og kontinuerleg framdrift. Dette gjeld særleg tiltaka:

- BTI
- BTI team
- Snakke med barn, Jeg vet og Trygg til handling
- Overordna møter for oppvekstsektoren
- Samordning av tenester/innsats retta mot brukargruppa
- Koordinering av innsats på tvers av einingar
- Opplæringsprogrammet «Tidleg inn»
- Felles kompetansehevingstiltak
- LINK eller andre program inn i skulen

Sjå grunngeving for dette i [kapittel 6.3.3.](#)

Planen skal reviderast kvart 4 år.

## 8.0 Oversikt over lovverk og planar

### 8.1 Lovverk og andre overordna føringar

<b>Lovverk</b>	<b>Lenkje til nettside</b>
Kongeriket Norges grunnlov	<a href="https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17-nn">https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17-nn</a>
Lov om barnevern	<a href="https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-06-18-97?q=barnevern">https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-06-18-97?q=barnevern</a>
Lov om helse- og omsorgstenester	<a href="https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30?q=helse%20og%20omsorg">https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30?q=helse%20og%20omsorg</a>
Lov om folkehelsearbeid	<a href="https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29?q=folkehelse">https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29?q=folkehelse</a>
Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa	<a href="https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61?q=lov%20om%20grunn">https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61?q=lov%20om%20grunn</a>
Lov om barn og foreldre	<a href="https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-04-08-7?q=lov%20om%20barn">https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-04-08-7?q=lov%20om%20barn</a>
Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga	<a href="https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-12-18-131?q=lov%20om%20sosiale">https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-12-18-131?q=lov%20om%20sosiale</a>
Lov om barnehagar	<a href="https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64?q=barnehage">https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64?q=barnehage</a>

<b>Statlege og overordna føringar</b>	<b>Lenkje til nettside</b>
Prop. 133 L (2020-2021) – Ny lov om barneverntenester	<a href="https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-133-l-20202021/id2842271/">https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-133-l-20202021/id2842271/</a>
Prop. 100 L (2020-2021) – endringar i velferdstenestelovgivinga	<a href="https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-100-l-20202021/id2838338/">https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-100-l-20202021/id2838338/</a>
Meld. St. 6 (2019-2020) Tett på-tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO	<a href="https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/">https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/</a>
Meld. St. 15 (2022-2023). Folkehelsemeldinga – Nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar	<a href="https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-15-20222023/id2969572/">https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-15-20222023/id2969572/</a>
Meld. St. 23 (2023-2033). Opptrappingsplan for psykisk helse.	<a href="https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-23-20222023/id2983623/">https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-23-20222023/id2983623/</a>
Meld. St. 13 (2018-2019). Muligheter for alle. Fordeling og sosial bærekraft	<a href="https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-13-20182019/id2630508/">https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-13-20182019/id2630508/</a>

NOU 2023: 7. (2023). Trygg barndom, sikker fremtid	<a href="https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2023-7/id2966836/">https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2023-7/id2966836/</a>
NOU 2017:12. (2017). Svikt og svik	<a href="https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2017-12/id2558211/">https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2017-12/id2558211/</a>
Friheit frå vald- handlingsplan mot vald i nære relasjonar	<a href="https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/regjeringens-handlingsplan-for-a-forebygge-og-bekjempe-vold-i-naere-relasjoner-20212024/id2868714/">https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/regjeringens-handlingsplan-for-a-forebygge-og-bekjempe-vold-i-naere-relasjoner-20212024/id2868714/</a>
Barnekonvensjonen	<a href="https://www.regjeringen.no/no/tema/familie-og-barn/innsiktsartikler/fns-barnekonvensjon/id2519764/">https://www.regjeringen.no/no/tema/familie-og-barn/innsiktsartikler/fns-barnekonvensjon/id2519764/</a>
Nasjonalfagleg retningsline for helsestasjons- og skulehelsetenesta	<a href="https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/helsestasjons-og-skulehelsetjenesten">https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/helsestasjons-og-skulehelsetjenesten</a>
Nasjonal rettleiar for samarbeid til barn, unge og deira familiar	<a href="https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/samarbeid-om-tjenester-til-barn-unge-og-deres-familier">https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/samarbeid-om-tjenester-til-barn-unge-og-deres-familier</a>
Saman om barn og unges psykiske helse (høyringsutkast)	<a href="https://www.helsedirektoratet.no/horinger/sammen-om-barn-og-unges-psykiske-helse">https://www.helsedirektoratet.no/horinger/sammen-om-barn-og-unges-psykiske-helse</a>
Nasjonalfagleg retningsline for tidleg oppdaging av utsette barn og unge	<a href="https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/tidlig-oppdagelse-av-utsatte-barn-og-unge">https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/tidlig-oppdagelse-av-utsatte-barn-og-unge</a>

## 8.2 Lokale planar

Planar
Kommuneplan for Lærdal kommune- samfunnsdelen
Kommunedelplan for oppvekst
Kommunedelplan for helse, omsorg og folkehelse
Prosjektplan for «Tett på barn og unge i Lærdal»
Prosjektplan for BTI i Lærdal
Handlingsplan mot vald i nære relasjonar
Handlingsplan mot mobbing
Rutine for skulefråvær
Frå eldst til yngst

## 9.0 Litteraturliste

Allemed.no (u.å.). *Nasjonale indikatorer på kommuners arbeid med Fritidserklæringen*.  
<https://www.allemed.no/nyheter/nasjonale-indikatorer>

Barnevernlova. (2021). *Lov om barnevern (LOV-2021-06-18-97)*. Lovdata.  
[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-06-18-97/KAPITTEL\\_15#KAPITTEL\\_15](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-06-18-97/KAPITTEL_15#KAPITTEL_15)

Buudir. (2022.). *Rundskriv 19/2022. Regelverk for tilskudd til systematisk identifikasjon og oppfølging av utsatte barn*. Buudir. <https://www.buudir.no/siteassets/tilskudd/systematisk-identifikasjon-og-oppfolging-av-utsatte-barn/regelverk-tilskudd-utsatte-barn-2022.pdf>

Buudir. (2023.). *Fattigdom- en veileder om arbeid for barn som lever i fattige familier*. Buudir.  
<https://www.buudir.no/fagstotte/produkter/veileder-fattigdom/>

Buudir. (2023.). *Rundskriv 13/2023. Regelverk for tilskudd til foreldrestøttende tiltak*. Buudir.  
<https://www.buudir.no/siteassets/tilskudd/foreldrestottende-tiltak/regelverk-tilskudd-foreldrestottende-tiltak-2023.pdf>

Buudir. (u.å.). *Foreldrestøtte sentralt i arbeid med forebygging og tidlig innsats*. Buudir.  
<https://www.buudir.no/fagstotte/barnevern-oppvekst/barnevernsreformen/foreldrestotte-sentralt-i-arbeid-med-forebygging-og-tidlig-innsats/>

Buudir. (u.å.). *Tuning into Teens (TINT)*. Buudir.  
<https://www2.buudir.no/Familie/foreldrestotte/tiltaksliste/tint/>

Fafo, (2020.). *Trøbbel i grenseflatene. Samordnet innsats for utsatte barn og unge*. Fafo.  
<https://www.fafo.no/images/pub/2020/20737.pdf>

Folkehelseinstituttet (2023) *Barn med barnevernstiltak*. Folkehelseinstituttet.  
[https://khs.fhi.no/webview/index.jsp?headers=AAR&AARslice=2013\\_2013&stubs=GEO&measure=common&virtualslice=RATE100\\_value&GEOslice=0&layers=KJONN&layers=virtual&GEOsubset=0%2C46%2C4642&study=http%3A%2F%2F10.1.5.16%3A80%2Fobj%2FStudy%2FBarneverntiltak-2020&mode=cube&KJONNsubset=0&virtualsubset=RATE100\\_value&v=2&KJONNslice=0&AARsubset=2013\\_2013+&submode=timeline&measuretype=4&cube=http%3A%2F%2F10.1.5.16%3A80%2Fobj%2FCube%2FBarneverntiltak-2020\\_C1&top=yes](https://khs.fhi.no/webview/index.jsp?headers=AAR&AARslice=2013_2013&stubs=GEO&measure=common&virtualslice=RATE100_value&GEOslice=0&layers=KJONN&layers=virtual&GEOsubset=0%2C46%2C4642&study=http%3A%2F%2F10.1.5.16%3A80%2Fobj%2FStudy%2FBarneverntiltak-2020&mode=cube&KJONNsubset=0&virtualsubset=RATE100_value&v=2&KJONNslice=0&AARsubset=2013_2013+&submode=timeline&measuretype=4&cube=http%3A%2F%2F10.1.5.16%3A80%2Fobj%2FCube%2FBarneverntiltak-2020_C1&top=yes)

Folkehelseinstituttet. (2018.). *Hvilke tegn og signaler som kan observeres av personell i barnehage og skole kan ha sammenheng med omsorgssvikt?*. Folkehelseinstituttet.  
<https://www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/rapporter/2018/hvilke-tegn-og-signaler-som-kan-observeres-av-peronell-i-barnehage-og-skole-kan-ha-sammenheng-med-omsorgssvikt-rapport-2018-v2.pdf>

Folkehelseinstituttet. (2023.). *Oppvekstprofil*. Folkehelseinstituttet.  
<https://www.fhi.no/op/oppvekstprofiler/hent-oppvekstprofil/>

Forebygging.no <https://www.forebygging.no/BTI/hva-er-bti/hva-er-bti/>

Helsedirektoratet. (2010). Utviklingsstrategi for helsestasjons- og skolehelsetjenesten. (IS-1798). Helsedirektoratet. [https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/utviklingsstrategi-for-helsestasjons-og-skolehelsetjenesten/Utviklingsstrategi%20for%20helsestasjons-%20og%20skolehelsetjenesten.pdf/\\_attachment/inline/8a58834a-8bd4-424d-b741-41d694447639:8129412f157d03fef0975de933d5f0523a1428f9/Utviklingsstrategi%20for%20helsestasjons-%20og%20skolehelsetjenesten.pdf](https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/utviklingsstrategi-for-helsestasjons-og-skolehelsetjenesten/Utviklingsstrategi%20for%20helsestasjons-%20og%20skolehelsetjenesten.pdf/_attachment/inline/8a58834a-8bd4-424d-b741-41d694447639:8129412f157d03fef0975de933d5f0523a1428f9/Utviklingsstrategi%20for%20helsestasjons-%20og%20skolehelsetjenesten.pdf)

Helsedirektoratet. (2017a). Nasjonalfaglig retningslinje for helsestasjons- og skolehelsetjenesten. Helsedirektoratet. <https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/helsestasjons-og-skolehelsetjenesten>

Helsedirektoratet. (2017b). Utredning av en bindende bemanningsnorm i helsestasjons -og skolehelsetjenesten. (IS-2677). Helsedirektoratet. [https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/utredning-av-en-bindende-bemanningsnorm-i-helsestasjons-og-skolehelsetjenesten/Utredning%20av%20en%20bindende%20bemanningsnorm%20i%20helsestasjons-%20og%20skolehelsetjenesten.pdf/\\_attachment/inline/8d6d7734-d3cc-454a-8f6d-d9698d6cc567:63b4d245079e8d18310b17fd1a6394aab14cfcca/Utredning%20av%20en%20bindende%20bemanningsnorm%20i%20helsestasjons-%20og%20skolehelsetjenesten.pdf](https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/utredning-av-en-bindende-bemanningsnorm-i-helsestasjons-og-skolehelsetjenesten/Utredning%20av%20en%20bindende%20bemanningsnorm%20i%20helsestasjons-%20og%20skolehelsetjenesten.pdf/_attachment/inline/8d6d7734-d3cc-454a-8f6d-d9698d6cc567:63b4d245079e8d18310b17fd1a6394aab14cfcca/Utredning%20av%20en%20bindende%20bemanningsnorm%20i%20helsestasjons-%20og%20skolehelsetjenesten.pdf)

Helsedirektoratet. (2019). *Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge*. Helsedirektoratet. <https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/tidlig-oppdagelse-av-utsatte-barn-og-unge/fra-kunnskap-til-handling-hos-ansatte-som-arbeider-med-barn-og-unge#ansatte-som-arbeider-med-barn-og-unge-bor-vaere-oppmerksomme-pa-tegn-og-signaler-som-gir-grunn-til-bekymring-for-barn-eller-unge-og-dokumentere-disse>

Helsedirektoratet. (2021). *Bemanningsbehov i helsestasjon 0-5 år*. Helsedirektoratet. <https://www.helsedirektoratet.no/tema/helsestasjons-og-skolehelsetjenesten/bemanningsbehov-i-helsestasjon-0-5-ar#ekstrakonsultasjoner>

Helsedirektoratet. (2022). *Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier*. Helsedirektoratet. <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/samarbeid-om-tjenester-til-barn-unge-og-deres-familier>

Helsedirektoratet. (2023). *Sammen om barn og unges psykiske helse (høringsutkast)*. Helsedirektoratet. <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/sammen-om-barn-og-unges-psykiske-helse-horingsutkast>

Hjertstrøm, H. K., Myhrer, R. S. og Møller, G. (2023). *Oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorer 2023*. Lærdal kommune. Telemarksforskning.

Imenes, A-K. (2023) *Forebyggende plan- et tiltak i barnevernsreformen*. KORUS. <https://korus.no/sor/forebyggende-plan-et-tiltak-i-barnevernsreformen>

Integreringsforskriften. (2020). *Forskrift til integreringsloven*. (FOR-2020-12-15-2912). Lovdata. [https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-12-15-2912/KAPITTEL\\_2#KAPITTEL\\_2](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-12-15-2912/KAPITTEL_2#KAPITTEL_2)

Justis- og beredskapsdepartementet. (2014). *Et liv uten vold. Handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2014–2017*. Henta 13. april 2023 frå [https://www.regjeringen.no/contentassets/97cdeb59ffd44a9f820d5992d0fab9d5/hplan-2014-2017\\_et-liv-uten-vold.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/97cdeb59ffd44a9f820d5992d0fab9d5/hplan-2014-2017_et-liv-uten-vold.pdf)

Kinn kommune (u.å.). *Økonomisk støtte til fritidsaktivitet*. <https://kinn.kommune.no/vare-tenester/kultur-idrett-og-fritid/okonomisk-stotte-til-fritidsaktivitet/>

KORUS BERGEN 2023 – tidleg inn <https://www.korusbergen.no/tidlig-innsats/>

KORUS Bergen. (2023.). *Betre tverrfagleg innsats. Kartlegging*. KORUS Bergen.

KS (u.å.). Utenfor-regnskapet henta frå <https://www.ks.no/utenforregnskapet>

Meld. St. 13 (2018-2019). *Muligheter for alle. Fordeling og sosial bærekraft*. Finansdepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/472d31ff815d4ce7909f5593bf7d79b8/no/pdfs/stm201820190013000dddpdfs.pdf>

Meld. St. 15 (2022-2023). *Folkehelsemeldinga — Nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar*. Helse- og omsorgsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-15-20222023/id2969572/>

Meld. St. 23 (2023-2033). *Opptappingsplan for psykisk helse*. Helse- og omsorgsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/0fb8e2f8f1ff4d40a522e3775a8b22bc/no/pdfs/stm202220230023000dddpdfs.pdf>

Meld. St. 6. (2019-2020). *Tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/?ch=1>

